# Handlingsplan//utkast Omstillingsprogrammet i Sykkylven kommune

Handsama av styret i omstillingsprogrammet Sykkylven: 24.1.2024

Vedteken av kommunestyret i Sykkylven x.2.2024















# Innhald


| | |
|---|---|
| 1. Innleiing | 3 |
| 2. Mål | 4 |
| 3. Innsatsområder | 6 |
| 4. Innsatsområde 1 | 7 |
| 4. Innsatsområde 2 | 8 |
| 5. Innsatsområde 3 | 9 |
| 6. Innsatsområde 4 | 10 |
| 7. Finansiering & budsjett 2024 | 11 |

# Innleiing

Omstillingsarbeidet skal bidra til å sikre eksisterande, og skape nye arbeidsplassar i eksisterande og nytt næringsliv i Sykkylven kommune, ein ekstraordinær innsats for næringsutvikling, avgrensa til seks år.

Hovudoppgåva for omstillingsleiinga er å realisere tiltak og prosjekt i handlingsplanen.

**Årlege handlingsplanar**

Handlingsplanen er ei årleg konkretisering av omstillingsplanens innsatsområde med strategiar og tiltak.

Handlingsplanen utarbeidast og behandlast av omstillingsstyret, før endeleg vedtak i kommunestyret. Tiltak og prosjekt som er vedteke gjennomført i handlingsplanen skal godkjennast av styret for omstillingsprogrammet før dei blir igangsette.

**Omstillingsplanen for Sykkylven har fire innsatsområde:**

1. Skaparglede i næringslivet
2. Opplevingsnæringar
3. Samarbeid og nettverk
4. Attraktive Sykkylven

Omstillingsplanen for Sykkylven skildrar fire innsatsområde, for kvart innsatsområde er det utvikla strategiar. Desse strategiane er beskrive i omstillingsplanen og vidare konkretisert med moglege prosjekter og tiltak, prosjektmål og ressursinnsats i årleg handlingsplan.

Vi har med oss eit mindreforbruk inn i 2024, dette vil kome godt med då søknadar i frå bedriftsutviklingsprosjekt har blitt utsett og er på veg inn ved årsstart 2024. Det er eit ønske i frå omstillingsorganisasjonen å gjere kartleggingar av kompetansebehov i næringslivet, spesielt innan berekraft, og med påfølgande kompetansehevande tiltak og anna tilrettelegging for næringslivet på området. Dette, ilag med prosjekt innan rekruttering, kommunikasjon, arbeid med vidareføring av omstillingsarbeidet og ny runde med programmet SMB Utvikling vil krevje mykje i året som kjem.

# Mål

Hovudmålet for omstillingsprogrammet er å bidra til å skape ein meir robust og variert næringsstruktur, gjennom å vidareutvikle eksisterande bedrifter og legge til rette for nyetableringar innan fleire bransjar.

Omstillingsarbeidet skal og bidra til å styrke Sykkylven sin attraktivitet som næringslivs- og bustadkommune. Det er sett eit måltal på til saman 170 nye og sikra arbeidsplassar i omstillingsperioden 2021-26.

*Berekraft* skal vere styrande i tiltak som blir iverksett og i vurdering av prosjekt som søkjer midlar i frå omstillingsprogrammet. Alle søknadar skal ha eit målbart mål innanfor berekraft, med fokus på miljø, menneske eller styring.



# Periodiserte mål

Det er sett eit måltal på til saman 170 nye og sikra arbeidsplassar i omstillingsperioden 2021-26. Tabellen nedanfor viser periodiserte mål for innsatsområda i omstillingsplanen.

| **Arbeidsplassar** | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | Sum |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Skaparglede i næringslivet** | 10 | 15 | 25 | 27 | 25 | 30 | **130** |
| **Opplevingsnæringar** | 5 | 5 | 5 | 5 | 5 | 5 | **30** |
| **Samarbeid og nettverk** | 0 | 2 | 2 | 0 | 2 | 2 | 10 |
| **Attraktive Sykkylven** | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | **0** |
| Sum mål arbeidsplassar | **15** | **22** | **32** | **32** | **32** | **37** | **170** |
| Resultat | 11 | 22,8 | 23,5 | | | | |
| Avvik | -4 | +0,8 | -8,5 | | | | |

# Innsatsområder

**Tema 2024: Team Sykkylven.** I alt vi gjer vil vi ha fokus på vi-kjensla og bygge lag der vi kan. For oss handlar vi-kjensla om å kjenne at ein er del av eit fellesskap og å vere stolt av å vere ein del av det, i næringslivet, på tvers av bransjar og organisasjonar, og i lokalsamfunnet.

I 2024 har vi også ekstra fokus på kompetanse, rekruttering, nettverk, omdømme og kommunikasjon.

**Topp 5 tiltak i 2024:**

- SMB Utvikling
- FoU samarbeid med PlussLab – prosjekt «Industriell symbiose»
- Kompetansekartlegging bedrifter – berekraftsreguleringar
- Forprosjekt «trainee/internship Sykkylven»
- Forstudie «vidareføring omstillingsprogram»





# #1 Skaparglede i næringslivet

| Arbeidsplassmål: 32 felles mål for innsatsområde 1&2 | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| **Strategiar** | Tiltak | Delmål | Budsjett | Admin.* | Admin. SK** |
| **A. Teknologi og marknad** | Proaktivt arbeid for å avdekke og identifisere utviklingsprosjekt. | • Gjennomføre forstudie SMB utvikling nr.3<br>• Gjennomføre forprosjekt SMB utvikling nr.3 | 640.000 (1.040.000-400.000 frå IN) | 100.000 | |
| **B. Bedriftsretta tiltak** | Støtte utviklingsprosjekt (forstudiar og forprosjekt) frå bedriftene.<br><br>Fokus på oppfølging av bedrifter for å sikre overgang frå forprosjekt til hovudprosjekt | • Iverksett minimum 8 prosjekter | 1.200.000 | 100.000 | |
| **C. Kompetanse og rekruttering** | Avdekke kompetansebehov, samt initiere og gjennomføre kompetansehevende tiltak (nytte samarbeidspartnarar aktivt)<br><br>Nytte samarbeidspartnarane Innovasjon Norge, Nordveggen, Framtidslaben, åkp og iKuben aktivt i kompetanseheving<br><br>Pådrivar for, samt bidra til, å kople bedrifter og FoU-miljø<br><br>Støtte og iverksette rekrutteringstiltak som sikrar bedriftene tilgang på kompetanse | • Gjennomføre kartlegging kompetansebehov i bedriftene<br>• Gjennomføre kartlegging av bedrifter som er omfatta av nye og aktuelle berekraftsreguleringar<br>• Iverksett minimum 2 kompetansetiltak, basert på kompetansekartlegging<br>• 1-2 PLP-kurs<br>• Gjennomføre forprosjekt «Industriell symbiose»<br>• Gjennomføre forprosjekt «Trainee/internship Sykkylven»<br>• Vidareutvikle/-føre rekrutteringskampanje<br>• «Bli med hjem» i Oslo vår, Trondheim haust | 600.000 | 100.000 | |
| **Sum** | | | 2.440.000 | 300.000 | 250.000 |

# #2 Opplevingsnæringane

Arbeidsplassmål 2024 for innsatsområde 1&2: 32

| HP 2024 Innsatsområde 2. Opplevingsnæringane<br>Arbeidsplassmål: 32 felles mål for innsatsområde 1&2 | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Strategiar | Tiltak | Delmål | Budsjett | Admin.* | Admin. SK** |
| D. Masterplan reiselivet | Støtte tiltak anbefalt i masterplan Sykkylven for opplevingsnæringane, og vidare konkretisert i handlingsplan for 2024 | • Iverksett minimum 2 tiltak frå handlingsplan | 400.000 | 50.000 | |
| E. Produkt og marknad | Støtte utviklingsprosjekt frå bedriftene som utviklar nye produkt og nye marknader for aktørane i opplevingsnæringane i Sykkylven<br><br>Fokus på oppfølging av bedrifter for å sikre overgang frå forprosjekt til hovudprosjekt | • Iverksett minimum 3 prosjekt | 700.000 | 50.000 | |
| F. Kompetanse | Avdekke kompetansebehov, samt initiere og gjennomføre kompetansehevande tiltak<br><br>Styrke samarbeid mot Destinasjon Ålesund og Sunnmøre (DÅS)<br><br>Bruke samarbeidspartnar DÅS, Innovasjon Norge og Nordveggen aktivt i kompetanseheving | • Iverksett minimum 1 kompetansetiltak | 70.000 | 50.000 | |
| Sum | | | 1.170.00 | 150.000 | 100.000 |

# #3 Samarbeid og nettverk

| HP 2024 Innsatsområde 3. Samarbeid og nettverk | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Strategiar** | Tiltak | Delmål | Budsjett | Admin* |
| **G. Industri- og næring** | Aktiv på drivar til og bidra til utvikling av nye nettverk<br><br>Bidra til forsterking/vidareutvikling av eksisterande nettverk<br><br>Bidra til eit meir berekraftig næringsliv | • Kartlegge dagens nettverk<br>• Støtte minimum 2 samarbeid/ nettverksprosjekt<br>• Vidareutvikle samarbeidsforum for skule og næring «Skulenær»<br>• Bidra inn i nettverk for gründere | 300.000 | |
| **H. Opplevings-næringar** | Bidra til vidareutvikling av nettverk for aktørane i opplevingsnæringane<br><br>Bidra til utvikling av samarbeidsarena/nettverk for aktørar i landbruk og lokalmat<br><br>Bidra til å skape arena for samarbeid i skjeringspunktet mellom aktørane i reiseliv, opplevingar, lokalmat, design og kultur<br><br>Støtte aktuelle prosjekt i samråd med masterplan reiseliv | • Kartlegge dagens nettverk/samarbeidsarenaer<br>• Iverksett minimum 1 samarbeids/nettverksprosjekt | 50.000 | |
| **I. Møteplassar («co-work»)** | Bidra til møteplass på tvers av nettverk gjennom frukostmøte med dagsaktuelle tema<br><br>Proaktivt arbeid for å avdekke og identifisere moglegheiter knytt til møteplassar for bedrifter, gründerar og ungdom | • 8 frukostmøte | 50.000 | |
| **Sum** | | | 400.000 | 250.000 |

# #4 Attraktive Sykkylven

| HP 2024 Innsatsområde 4. Attraktive Sykkylven | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| **Strategiar** | Tiltak | Delmål | Budsjett | Admin.* | Admin. SK** |
| **J. Næringsvennleg kommune** | Bidra til å følgje opp kommunen i hovudprosjekt Næringsvennlig kommune<br><br>Forsterke ordinært næringsapparat<br><br>Bidra til infrastrukturprosjekt som støttar opp under NVK | • Gjennomføre forstudie og forprosjekt «vidareføring omstillingsprogram» (400.000-200.000 frå IN)<br>• Gjennomføring av årleg tilfredsheitsundersøking blant bedriftene på kommunens næringsarbeid<br>• Støtte og bidra inn i arbeid med Ungt Entreprenørskap (UE)<br>• Støtte og bidra til vidareutvikling av SNU | 300.000 | 100.000 | |
| **K. Møteplassar og kommunikasjon** | Styrking og samordning av kommunikasjonsarbeidet retta mot næringsliv med kommunen og SNU<br><br>Styrke det næringsretta kommunikasjonsarbeidet gjennom å medfinansiere og nytte felles ressurs for kommunikasjonsarbeid<br><br>Vidareføre etablerte møteplassar mellom kommune og næringsliv og vere ein pådrivar for nye | • Samordning av kommunikasjonsarbeidet med kommunen og SNU<br>• Medfinansiering av felles ressurs for kommunikasjonsarbeid, prosjektstilling i 2024 | 450.000 | 50.000 | |
| **L. Sentrums utvikling** | Samordning av arbeid med næringsutvikling og tettstadprosjektet i kommunen | • Bidra inn i tettstadprosjektet | 0 | 45.000 | |
| **M. Areal** | Bidra til å synleggjere tilgjengelege tomteareal for næring og bustad, og ledige næringslokale og utleigebustad. | • Utarbeide kommunikasjonsplan for synleggjering av areal i samarbeid med kommuneadministrasjon | 0 | 5.000 | |
| **Sum** | | | 750.000 | 200.000 | 300.000 |

# Finansiering og budsjett 2024//utkast

## Budsjett 2024

| Innsatsområde | Program-aktivitet | Søkbare midlar* | Admin.** | Admin.SK*** | Totalramme |
|---|---|---|---|---|---|
| Skaparglede i Næringslivet | 1.240.000 | 1.200.000 | 300.000 | 250.000 | 2.990.000 |
| Opplevingsnæringar | 470.000 | 700.000 | 150.000 | 100.000 | 1.420.000 |
| Samarbeid og nettverk | 400.000 | 0 | 250.000 | 0 | 650.000 |
| Attraktive Sykkylven | 750.000 | 0 | 200.000 | 300.000 | 1.250.000 |
| Overheadkostnader | 0 | 0 | 250.000 | 0 | 250.000 |
| **Totalt** | **2.850.000** | **1.900.000** | **1.150.000** | **650.000** | **6.560.000** |

*Søkbare midlar er midlar øyremerka søknadar i frå bedrifter til utviklingsprosjekt. Det vil vere tilgjengelege midlar å søkje på i frå andre strategiområde også, men der er gjerne midla retta mot både aktivitetar som omstillingsprogrammet initiera og prosjekt i frå bedrifter.

** Administrasjon innfattar proaktivt arbeid og prosjektoppfølging av programleiar, her løn til programleiar, møtekostnadar og møtegodtgjersle knytt til møter, kurs, styrearbeid, samt husleige.
***Administrasjon Sykkylven kommune innfattar timar brukt til prosjekt i omstillingsprogrammet frå styreleiar, kommunedirektør og andre administrativt tilsette i kommunen som blir engasjert i slikt arbeid.

Omfordeling av midlar i mellom innsatsområda kan gjerast ved behov, godkjennast av omstillingsstyret. I 2024 har omstillingsprogrammet inngått en oppdragsavtale med Sykkylven Næringsutvikling AS (SNU) med ei ramme på inntil 200 000 kroner. Målet er å ved behov kunne dra nytte av kompetansen til SNU for prosjektarbeid innan prioriterte områder i omstillingsprogrammet sin handlingsplan for 2024.

## Finansiering 2024

| Finansiering | 2024 |
|---|---|
| Møre og Romsdal fylkeskommune | 3 400 000 |
| Sykkylven kommune | 2.000 000 |
| Overføring frå 2023/mindreforbruk | 1.160.000 |
| **Total** | **6.560.000** |

Prosjekteigaranes eigenfinansiering samt eventuell annan finansiering i prosjekta kjem i tillegg.
Det er eit uttalt mål at omstillingsmidlane skal bidra til å utløyse andre midlar.